



– Det er mange som går langs Fylkesveg 615 sommarstid, og i verste fall kan det vere fare for liv og helse, seier Roar Jacobsen.

Ønskjer endringar i trafikksituasjonen ved Storebrua

+ Roar Jacobsen er ikkje nøgd med trafikksituasjon ved Storebrua i Bukta. – På kort sikt bør ein fjerne vegetasjonen i skråninga på inn- og utsida av brua, samt setje opp eit stoppskilt for trafikken frå Søreide, seier han.



Johan Lothe

redaksjon@firdatidend.no

Publisert: 25.07.2023 15:00



Vegetasjonen på begge sider av brua har vakse opp, og gjer det vanskeleg med fri sikt i krysset ved Storebrua.

– Det er mange som går langs Fylkesveg 615 sommarstid, og i verste fall kan det vere fare for liv og helse, seier Jacobsen.

Artikkelen held fram under annonsen.



Han viser til at bilane som kjem ikkje har tilstrekkeleg sikt og at fotgjengarane ikkje ser bilane før dei er rett framfor dei.

– Somme tider har eg sett at turgåarar og slike som går på rulleski, må hoppe ut i grøfta for å verje seg mot køyretøya, fortel han.

Glopparen går mykje på tur sjølv og har opplevd desse trafikkproblema på kroppen.



Her er sikta dårleg, både for fotgjengarar som går frå Bukta til Sandane, og for bilar som kjem i motsett retning.

Stoppskilt

– Dersom ein set opp eit full-stopp skilt i krysset frå Søreide i staden for vikeplikt-skiltet som står der i dag, hadde trafikken innanfrå vore plikta til å stanse heilt, seier han.

Jacobsen trur eit slikt grep hadde leia til ein betre trafikkflyt for dei som kjem frå Bukta.

– Eg er også overtydd om at ein dermed får eit tryggare trafikkbilete. Nokre gonger står trailerar og bussar korka i krysset og har problem med å kome seg vidare. Dersom det kjem folk gåande ned gamlevegen frå Åsen samstundes med dette, kan situasjonen bli farleg.

Må utbetrast

Han meiner at det har gått bra til no fordi fotgjengarane er varsame.

– Ansvar for å at krysset er sikkert og trygt ligg til fylkeskommunen, som er vegeigar, seier Jacobsen.

– Det er viktig at det blir gjort noko med dette før vegetasjonen sperrar heilt for sikta, understrekar han.

Tunnel gjennom fjellet

For å betre trafikkbiletet på vegen inn til Sandane sentrum på lenger sikt, trur Jacobsen det hadde vore tenleg å lage tunnel gjennom Åsen.

– Dette ville gjere trafikkbiletet smidigare på vegen inn til og ut av sentrum, meiner han.

Tanken er den same som blei presentert av Sørstranda Utviklingslag i brev til Vestland fylkeskommune tidlegare i år.

– Det skal etter kvart vere ein planprosess der fylkeskommunen tek stilling til ulike spørsmål. Eg meiner at denne tunnelen vil vere eit godt alternativ, seier han.

Trafikkert veg

Jacobsen synest ikkje løysinga i dag er god nok med tanke på all trafikken på fylkesvegen.

– Eg stiller spørsmål ved om ein faktisk har oversikt over kor trafikkert vegen gjennom Selvågane og inn til Sandane sentrum er.

Artikkelen held fram under annonsen.

I dag står det ein boks som tel bilar i Bukta, 100 meter frå starten av Ingolfbakken i retning Hyen.



Roar Jacobsen stiller spørsmål ved om denne teljaren skulle ha vore plassert nærare Sandane sentrum.

Fangar ikkje opp alle

– Teljaren får ikkje med seg alle bilane som kjem frå Søreide, Bukta og Øvre Sørstranda som skal inn til sentrum, seier han.

Innbyggjartalet i Bukta har auka dei seinare åra.

– Tenk også på alle tilsette ved SFE som er brukarar av fylkevegen, men også all trafikken som gjestene til Gloppen Camping utløyser. Summen av denne trafikken blir stor, men vert ikkje fanga opp av målarer, seier han.

Eit grep frå fylket?

Jacobsen har tidlegare teke kontakt med fylkeskommunen og bede dei flytte apparatet nærmare sentrum.

– Då vart teljaren plassert ved nausta i Selvågane, seier han.

Det gjekk likevel ikkje lang tid før han vart flytta ut att forbi Ingolfbakken. Jacobsen spør seg om dette er fordi fylkeskommunen vil gje inntrykk av at det ikkje er så stor trafikk på strekninga.